

*Teglverket «Gravaren» på Sandnes, teikna av Mons Gabriel Monsen 8. juli 1856. Denne dagen brann dei tegl. Difor ryk det av omnshusa.  
\* Stavanger Museum.*

# PÅ LEIRGRUNN

## Tegl og potteri i Rogaland

MÅLFRID GRIMSTVEDT

*Sandnes opna i 1990 sitt potteri- og teglverksmuseum i Langgata 72, som ei avdeling av Sandnesmuseet. Dermed har leirvareindustrien i Rogaland fått ei fast utstilling, om enn i midlertidige lokaler. Dette er første skritt på vegen mot in allsidig dokumentasjon av denne næringa. Vi har lagt vekt på å visa visse grunnleggande trekk i arbeidet med leira, med muligheter til å demonstrera enkelte arbeidsprosessar. Vidare inneheld utstillinga eit oversyn over bedrifter og produkt. Denne artikkelen er eit kortfatta oversyn over eindel av det materialet som blir presentert i utstillinga.*

*Nå er det å håpa at utstillinga og artikkelen kan inspirera til å samla langt meir materiale omkring arbeidslivet knytta til denne næringa og meir av dei produkta som er laga, spesielt i Sandnes.*

### Leire

Kven har ikkje hatt ein klump med leire mellom fingrane og kjent kordan ein kan klemma og forma han. Når klumpen er tørka så beheld den fasongen. Det er ikkje vanskeleg å forstå at dette materialet må menneska ha gjort seg nytte av til alle tider, så sant det har vore tilgjengeleg.

Kvar finn ein leire? Leire og sand blir danna nå bergarter, fjell, forvitrar. Leiren inneheld mange ulike stoff etter kva bergart som er forvitra og korleis dette har skjedd.

Langs Oslofjorden, i Trøndelag og her i Rogaland ligg dei leirforekomstane som har vore nytta til produksjon av leirvarer i Norge. Store delar av Jæren og Karmøy er dekkja av kalkrik leire, «mergel-leire».

Kalken kjem frå store mengder skall frå mikroskopiske marine dyr, avsett på havbotn. Leiren er avsett i havet like foran ein isbre dengang landet var nedpressa av isen. Leiren er avsett der han ligg i dag.

Det betyr at når det ligg leire på Høggjæren, meir enn 200 m over havet i dag, så har dette vore havbotn ein gong i tida.

Kor gammal er leiren? Skjell som finnst i leiren viser at avsettinga på Jæren og Karmøy må ha skjedd i tidsperioden frå 27.000–47.000 år sidan. Leiren på Sand er nyare, truleg 10.000 år gammal. Den er avsett på havbotn då havet stod høgare enn i dag.

Kvaliteten på leirvarene er avhengig av korleis leiren er:

- innhald (mengde av ulike stoff) verkar inn på kor lett den er å forma og kva styrke godset får
- kjemisk samansetting verkar inn på brennfarge
- vassinnhald er også viktig

Leiren kan blandast med vatn og formast til gjenstander utan spesielle tilsetningar. Men til betre kvalitetar blir leiren behandla og tilsett andre stoff i bestemte mengder. I moderne porselensproduksjon er lista over tilsetningsstoff lang.

## Lokale råstoff

Teglverka og potteriene i Rogaland har alltid brukt og brukar lokal leire og sand. Men til finare leirvarekvalitetar har ein importert råstoff i tillegg til dei lokale. Først importerte ein råstoff til glasurane. Etterkvart gjekk ein over til foredla råstoff i godset også.

Egersund Fayansefabrik baserte seg i starten på ferdig flintmasse frå England, men gjekk så over til å bruka engelsk blåleire, dansk flint og norsk kvarts.

Figgjo a/s starta med å laga keramikk av lokal leire frå Åsland i Time. Etter få år begynte dei å laga fajanse av foredla råstoff så som engelsk leire og kvarts frå Hervik i Ryfylke. I dag blir alle servisene laga i vitroporselen, som ikkje inneheld nokon lokale råstoff.

## Leirvarer

Leire er hovudråstoff i mange ulike keramiske produkt. Keramikk er i vidaste forstand:

- det som er laga av leire eller liknande materiale
- forma i mjuk, plastisk, tilstand eller pressa i uplastisk tilstand
- tørka og brend ved så høg temperatur at det får tilstrekkeleg styrke.

Ordet kjem av det greske Keramus som tyder pottemaker og Keramos som var namnet både på leira og det ferdige produktet.

Det er ikkje alltid samsvar mellom strengt faglege uttrykk på keramiske produkt og dei ord og nemningar som blir brukte i lokal daglegtale. Vi vil derfor presentera dei nemningane som vi brukar i denne artikkelen på ulike typer keramiske produkt laga i Rogaland:

## TEGL

Bygningsartiklar laga av leire og sand utan vesentlege andre tilsetningar.

## POTTERIVARER – BRUNT STEINTØY

Hushaldningsvarer laga av lokal leire, uglasert eller med blyglasur. Ofte kalla brunt steintøy.

Garnstein og gartnerpottar var også viktige potteri-varer i Sandnes.

## KERAMIKK

Ordet blei brukt frå 1920-talet om hushaldnings- og pyntegenstander laga av lokal leire med finare dekor og glasurar.

## FAJANSE OG FLINT

Nemninga er her brukt om kvitt steintøy, dvs. hushaldningsvarer laga av foredla råstoff som engelsk leire tilsett flint og kvarts.

Den tidlegaste fajansen var mindre kvit i godset og måtte ha dekkande glasur. Nyare fajanse og flint (etter 1930) var så kvit at ein kunne bruka dekkande eller transparent (gjennomsiktig) glasur etter behov. Laga av Egersunds Fayansefabriks Co., Stavanger-flint a/s og Figgjo a/s.

## VITROPORSELEN OG KORULEN

Hushaldningsvarer laga av omtrent same råstoff som flint. Men ein del av kvartsen er erstatta av korund for å oppnå betre varmemotstand og betre styrke. Godset er hardt og ugjennomtrengelig for vatn. Dette godset blei først tatt i bruk til serviser i storhushaldningar. Det var på 1960-talet. Egersund Fayansefabriks Co. laga korulen. Etterat oppvaskmaskinen kom i allmenn bruk gjekk fajanseprodusentane i Rogaland over til å laga stadig fleire produkt i dette harde materialet. I dag blir alle servisene frå Figgjo a/s laga av vitroporselen.

Keramiske produkt blir brukte til mange ting. Her har vi teikna  
 eit typisk hus frå Sandnes sentrum, med slaktarbutikk i første  
 etasje og bustad i andre etasje. Legg merke til kor mange av dei  
 keramiske produkt som er lista opp her, som finnst i eit vanleg

hus:  
 Teikning: Ark I17 Grunnlag: Jærnmuseet.  
 \* Potteri og teglverksmuseet.

1. BYGEMATERIALE
  - Murstein
  - Takstein
  - Veggpanner
  - Fliser
2. RØYRLEDNINGAR
  - Drensrøyr
  - Kloakkøyr
  - Vassledning


3. ELEKTRISK ISOLASJON
  - Lysbryar
  - Støpsel
  - Isolatorar

4. SANITÆRVARER
  - Badekar
  - Vassklosett
  - Vasskservanti
  - Fliser

5. HUSHALDNINGSSARTIKLAR
  - Kjøkkenreiskap
  - Serviser

6. KUNSTGJENSTANDAR
  - Laga av alt frå terrakotta
  - til finaste porselen

7. ANDRE PRODUKT
  - Garnstein
  - Garnnepotter
  - Slipstein
  - Moderne keramer





## Leirvarer i forhistorisk tid

Den eldste keramikken vi kjenner er frå Asia og er ca. 11.000 år gammal. I Norge, her på Vestlandet, kan vi følgja keramikken snautt 5.000 år bakover i tida.

I folkevandringstida, dei første hundreåra etter år 0, tok dei i bruk eldfaste, spannforma kar av leire. Då fekk dei for første gong kokekar som kunne settast direkte på elden.

Den forhistoriske keramikken er laga ved bruk av tre ulike teknikkar:

- PØLSETEKNIKK – leirpølser blir lagde oppå kvarandre i ringar eller spiralar
- UTHULING – leirklumpen blir pressa ut med fingrane innanfrå
- FORMPRESSING – bygga karet opp i ei form eller på ein lest

## Teglstein kom i bruk i mellomalderen

Den tidlegaste teglproduksjonen i Norge fann stad sist på 1100-talet eller tidleg på 1200-talet. Det blei ikkje vanleg å bruka teglstein i bygningane på den tid. Men i byane Oslo, Trondheim, Tønsberg og Hamar blei det bygd fleire større bygningar heilt eller delvis i tegl, t.d. store delar av Akershus slott. Teglsteinen til desse bygningane blei brend i små omnar som låg nær byggeplassen.

Det teglverket som har hatt lengst samanhengande drift her i landet ligg i Trondheim. Det vil bli bevart som nasjonalt teglverksmuseum. Teglverket blir nemnt i eit kongeleg brev i 1227 og hadde då vore i drift i mange år. Det blei nedlagt i 1970, under namnet Trondhjems Aktieteglverk.

## Den eldste leirvareproduksjonen i Rogaland

I 1638 tok Hans Jacobsen Rode borgerskap som pottemakar i Stavanger. Han held truleg til på Pottemakerstranden, ved enden av Kirkegata. Det stadnamnet var i bruk til 1860-talet. Me kjenner namnet på tre pottemakarar i Stavanger.

Men det er ikkje dit vi kan spora den leirvareindustrien som ekspanderte sist på 1800-talet. Gjennom heile 1700-talet var embetsmenn og borgarar på utkikk etter nye næringstiltak. Det var nokre spreidde forsøk på industritiltak i fylket, bl.a. eit salpeterverk i Stavanger tidleg i århundret og eit lite kopparverk i 1760-åra.

Det var forskjellige føresetnader som måtte vera tilstade for å få igang ny industriell verksemd: råstoff, ide, privilegium (tillatelse), kapital, fagkunnskap, arbeidskraft og marknad.


RÅSTOFFET låg lett tilgjengeleg og i rikelege mengder både inderst i Gannsfjorden og elles på Jæren, for den som kunne sjå det. Jonas Schancke Gabrielsen, lensmann i Gand og Gjesdal dreiv garden Nedre Austrått (Skeiane) og brukte mergel til kalking av jorda og kjende også til blåleira. Det var han og Smith Petersen som organiserte dei første jordboringane til teglverket.

IDEEN og initiativet kom frå Lauritz Smith Petersen. Han søkte om å få

PRIVILEGIUM, tillatelse, til å driva teglverk. Han fekk truleg god hjelp til dette frå amtmann Peter Ulrik Benzon. For amtmannen var første styreformann og kasserar og største aksjeeigar.


KAPITAL hadde ikkje Smith Petersen, sjølv om han var av rik Stavangerfamilie. Men rike slektningar og vener i byen gjekk inn i prosjektet.

FAGKUNNSKAP Første fagmann var teglmeister






**Planskisse frå 1784 over «Sannes Teglverk».**

1. Huset som teglmeisteren bor i.
2. «Trosserne» kor leira blir elta.
3. Tilsvarande maskin til å mala leira.
4. Teglomn der ein kan brenna 20.000 murstein og 14.000 takstein.
5. Tørke- og strygehus.
6. Porten eller inngangen til teglverket.
7. Ein som triller leir inn frå trossene.
8. Strygaren.
9. Bortbæraren.
10. Tørkeplassen.
11. Gardsrommet.
12. Brensel.
13. Grunnteikning av rå og stabla stein.



\* M. A. Grude: Sandnæs historie 1860–1910 Sandnes, 1910.





Det er ikkje bevart bygningar som viser heilskapen i eitt einaste av dei gamle teglverka i Sandnes, berre nokre få mindre bygningar. Nokre av dei gamle potteribygningane finnst enno og sjølvstapt dei som framleis er i drift.

Magnus Nielsen, som truleg var dansk. Det kan ha vore Benzon, som sjølv var frå København, som fekk han hit.

**ARBEIDSKRAFT** Det var 28 hus med 93 menneske langs strandkanten i Sandnes i 1759. Lensmann Gabrielsen hadde tilsyn med fabrikk og hadde truleg ingen vanskar med å skaffa dei få arbeidarene som trongst blant dei fastbuande.

**RESULTATET** var at «Sannes Teglverk» – med kongelig privilegium på tak- og mursteinsproduksjon kom i drift våren 1784.

### Teglverk i Norge

Den eldste tellinga av teglverk i landet er frå 1835 og viser at det då var 193 teglverk. Talet steig gradvis i

På dette kartet over Sandnes sentrum, har vi teikna inn gamle teglverks- og potteribygningar frå eit reguleringskart frå 1910. Det er berre med bygningar for verksemdar som starta før 1875. Sjølina er teikna etter kartet frå 1910. Teikning: Ams

åra etter, fram til 1860 då det blei registrert 328 teglverk. Frå denne tid fekk dei større teglverka maskinar og omnar som mangedobla produksjonen, medan dei mindre verka blei nedlagde.

### FABRIKK-STATISTIKK FRÅ 1885

	Tegl- verk	Arb. styrke	Dags- verk
Oslo	26	744	118.400
Vestfold	20	677	100.400
Rogaland	10	199	33.100
Trøndelag	7	145	25.900
Buskerud	13	156	20.900
Andre fylker	29	433	57.900
Tilsaman	105	2354	356.600

Talet på teglverk gjekk gradvis ned etter dette. I 1947 var det 47 teglverk, i 1973 var det 18 og frå 1990 kun 2 – Gann-Gravaren i Sandnes og Bratsberg teglverk i Telemark.

### Teglverka gjennom det siste hundreåret

Det har vore ei gradvis rasjonalisering:

FRÅ:

- Å SPA – LØFTA – BÆRA
- LØFTA – BÆRA – LØFTA .....

TIL:


- Å TRYKKA PÅ KNAPPAR

Utviklinga frå dei første teglverksmaskinane blei tekne i bruk på Sandnes til i dag har gått mot å erstatta stadig fleire arbeidarar med maskinar. Det tok nokså nøyaktig 100 år å erstatta muskelkraft med mekanisk kraft. I 1976 blei dei to siste teglverka på Sandnes, Ganns og Graveren slått saman til eitt. Dei bygde det teglverket som er i drift i dag.

I dag blir leira teken ut med gravemaskinar på Nord-Kalberg, frakta med lastebil til Sandnes, tømt direkte i maskinane: først i kassamataren der leira blir blanda med sagflis og sand, så på transportband til valseverk for reinsing. Etter tre vekers lagring i sumpen blir massen ført vidare på transportband gjennom forming, tørking, brenning og pakking. Den ferdige mursteinen blir kjørt vekk på pallar. Arbeidarane er blitt maskinoperatørar. Ved full drift kan det produserast kring 325.000 stein i veka.

På Ganns i Langgata produserte dei kring 40.000 murstein i året pr. arbeidar kring 1950. I dag produserer Gann – Graveren kring 350.000 murstein i året pr. arbeidar.

Leira lág opp i dagen og det var kort veg frå leir-



LEIRBANEN

*Kjedegravemaskin i leirbanen på Graverens teglverk i 1930-åra.  
\* Sandnesmuseet.*

taket til produksjonsstaden. Leira var av ulik kvalitet, noko egna seg best til potterivarer, anna til teglvarer.

Dei første hundre åra det var teglverk i Sandnes, måtte «leirmannen» spa all leire for hand opp i HJULBÅRER og trilla inn til leirmølla. Så fekk dei VAGGAR, vogner slik som på fotoet. Desse gjekk på skinner og måtte skuast.

KJEDEGRAVEMASKIN kom i bruk frå rundt 1920. Maskinen har ein kjede med mange skovlar med skarp kant. Leira blei skoren i tynne lag langs heile gravesjakta og tømt opp i vaggen.


### SANDNES TEGLVERK I 1893

Teikninga er laga for å visa kva bygningar som fantes i eit teglverk av den eldste typen og korleis dei var plasserte. Taket er fjerna på nokre bygningar for å visa innreiinga. Numrene viser til branntaksten nedanom.

Den 3. november 1893 blei det halde offentlig takst over Sandnes teglverk. Taksten inneheld detaljerte opplysningar om alle bygningar og maskinar som var verd å forsikra mot brann. Her har vi laga eit utdrag av opplysningane.

Teikning: AmS Grunnlag: Jærmuseet

\* Potteri og teglverkmuseet.



**1. VÅNINGSHUS** Murt av 1 1/2-stens hulumur i to etasjer. Huset er 9,8 m x 8,3 m i grunnflate og 5,8 m høgt. Første etasje inneheld 2 stover, 2 kammers, gang og kjøkken med eldstad og nedmurt gryte. Andre etasje: 2 stover, kammers, kjøkken med komfyr, spiskammers og gang til loftet. Loft: 2 avpanelte salar og 3 skråkammer. Alle rom er innvendig malt. 5 av desse er dessutan tapetserte og i 6 er det innsatt omnar. Huset har 3 inngangsdører. 2 av desse er i andre etasje med utvendig steintrapp.

**2. OMNSHUS** Midt i huset er teglsteinsommen: 12 m lang, 9,4 m brei og 4,8 m høg.

**3. BLOKSHUS** som har 66 hengsla dører, men ingen vinduer. Langs huset er anbragt 3 rader tørkeblokker. Det er eit halvtak på nedsida.

**4. BLOKSHUS** som har 40 hengsla dører, men ingen vindu. Langs huset er det 3 rader tørkeblokker.

**5. MØLLEHUS** utan dører og vindu. I midten er anbragt ei heste- og leirmølle.

**6. BLOKSHUS** som er bygd etter 1885, på tomta etter eit eldre blokshus. Den eine sida og begge langvegger er i det vesentlege kledd med hengsla dører. Langs huset er det 3 rader tørkeblokker.

**7. BLOKSHUS** har 26 hengsla dører. Langs huset er det 3 rader tørkeblokker.

**8. OMNSHUS** I nordaustre hjørne er det, med mursteinsmur, avdelt eit værelse med loft og kakkelovn. I huset er ein teglsteinsomn: 9,4 m lang, 7,5 m brei og 3,8 m høg og oppført av 1,8 m tjukk gråsteinsmur som innvendig er fora med murstein og forsynt med 8 fyringshøl. Desse har dører og rister av jern, og dei er fora med eldfast murstein.


**9. MØLLEHUS** utan dører og vindu. I midten er det ei alminnelig leirmølle.

**10. MØLLEHUS** utan dører og vindu. I midten er det ei alminnelig leirmølle.


**11. BLOKSHUS** som har 80 hengsla dører, men ingen vindu. Langs huset er det tørkeblokker.

**12. LØE** som er inndelt til løe med nedlagt låve, stall med 5 båsar, sementmurte krybber og hellelagt golv, samt gjødselrom.


**13. SJØHUS** i to etasjer, utvendig malt bordkledning. I 1. etasje er det avpanelt ei bu, i 2. etasje er det to buer. Halvtak tilbygd på nordsida.




OMNSHUS



LEIRMØLLE



STALL



TØRKE-BLOKSE

## HANDFORMING

Like fram til slutten av 1800-talet blei alle leirvarer forma med handkraft, utan bruk av maskinar. Det galt alt frå murstein og takstein til krukker og potter.

Den ferdig blanda leira blei pressa ut av leirmølla i ein tjukk streng og delt opp i passe store emner for vidare arbeid.

## TAKSTEIN

*Denne maskinen former flate takpanner. To mann gjer her same arbeidet. Dei løfter kvar panne over på trebrett. Pannene låg på desse bretta under tørkinga. Dei to arbeidarane er brørne Johan (t.v.) og Ragnvald Jonassen..*



## MASKINFORMING AV TEGLVARER

Vi har utstilt ei mekanisk leirmølle av ein type som helst blei brukt i potteria. Det var mange ulike typer av desse. Men prinsippet var det same: leira blir pressa ut gjennom «dåd». Det er munnstykke som har ulik form etter kva produkt som skal produserast.


Teglvarerne kom ut ferdig forma og kunne gå direkte til neste trinn i prosessen: tørkinga.

Alle fotografia her er frå Graverens teglverk i 1930-åra. Dei viser maskinpressing av dei viktigaste teglvarerne: murstein, takstein og drensrøyr.



## MURSTEIN

Frå 4.verket til Graveren. Leira blir pressa ut i ein firkanta streng. Ein mann kappar denne i tre steinar om gongen, medan nestemann løfter dei over i heisen, ein «pater noster», som heiser dei opp til tørkebloksene i etasjen over. Her blei steinen tørka ved hjelp av varmen frå brennomnen. Dette gjorde det muleg å driva teglverket heile året. Olaf Ege står ved heisen.




## DRENSRØYR

Dette «dådet» formar to drensrøyr om gongen. Ein mann passsar maskinen, medan nestemann har ein reiskap som han brukar til å løfta dei to røyra over på hjulbåra med. Til høgre er ein heis for teglvarer.

Fremst står Tor Tjølsen og bak han Rasmus Danielsen. Dei tre fotografia er frå Graverens teglverk i 1930-åra.

\* Sandnesmuseet





## Potteriprodukt frå Sandnes



Skål.



Jars.





Syltepotte.




Syltepotte.



Jars.




Blomsterurner med ulike typer dekor. Frå v.: «Strydd» dekor; slipp-dekor og tre variantar av «blakking». Alle urnene er av typar som blei laga sist på 1800-talet og dei første tiåra etter 1900.



Skål frå Hana og Holmens potterier, ca. 1925.



Fat.



Mjølkering.



Mjølkering.

\* Sandnesmuseet.



*Potteriet på Graveren i 1935. Frå venstre: Dreiar Tollef Malmin, avtagar Realf Stangeland, dreiar Erling Andreassen, Gerd Tollefsen som er avtagar for bestefar sin, dreiar Severin Kristiansen (Vestbø), Edvard Rønneberg og ein ukjent person ytterst.  
\* Sandnesmuseet.*

## POTTERI

Potteriene i Rogaland har vore konsentrerte til Sandnes og Egersund.

Arbeidsplassen i potteriet var mykje lik det me ser på her fotografiet frå Graveren i 1935: ein eller fleire dreiestolar nær vinduet, arbeidsbank mellom stolane og krakkar til dei lange bretta til dei dreidde leirvarene. Tal på ulike type hjelparar til dreiarane endra seg

ettersom det kom maskinar og motorar i bruk. Her sit pottemakerane ved kvar sin dreiestol og har med seg ein «avtagar». Desse dreiestolane har motor. Tidlegare måtte dei drivast av menneskekraft, anten sparkast av dreiarane eller sveivast som ein slipestein. Både dei yngste og dei eldste gjorde nytte for seg som sveivarar.

## Keramikk

Frå 1920-talet blei det laga eit større utval av hushaldnings- og pyntegenstandar, framleis av lokal leire, men meir bearbeidd og med finare glasurar og dekor.

Produksjonen av gartnerpottes, krukker og fat blei meir mekanisert. Sjablongdreining og støyping overtok etter frihandsdreining.

Alle foto er frå Graveren Keramikk i 1935.

### DEKORAVDELINGA

*Her er det masseproduksjon av blomsterurner etter faste modellar. Legg merke til at det ikkje er kvinner her på denne tid. Fremst sit*

*Martin Torvund og Nils Lund.*

*\* Sandnesmuseet.*



**SKANTING /  
SJABLONGDREIING**

*Peder Norland står ved skante-  
benken, mens Karl Vatne stikker  
hol i botn på blomsterurnene.  
Hans Sjursen tar urna ut av  
gipsforma.*

*Skantebenken på fotoet var  
tyskprodusert. Den blei skifta ut  
med den benken som står i  
museumsutstillinga i dag.*

*\* Sandnesmuseet.*



**STØYPING I GIPSFORMER**

*Gipsformene fremst er blitt fylt  
med flytande leire og må så stå  
til tork ei stund. Arne Ege, Ras-  
mus O. Nordland og August  
Rosengren tar keramikkjen-  
standane ut av formene.*

*\* Sandnesmuseet.*





### **Brenning av teglvarer**

Like fram til i 1860-åra brukte alle teglverka periodiske omnar, slik som vist på teikningane frå Sandnes teglverk. Det gjekk tre veker mellom kvar brenning. Dei kunne brenna ca. 20.000 takstein om gongen.

I 1856 laga Friedrich Hoffmann ein omn der ein kunne brenna tegl kontinuerleg. Omnen var oval i forma, med 12 eller fleire rom, med luftkanalar mellom og felles pipe. Hoffmanns ringomn fekk rask utbreiing i teglverka. Malde teglverk var først ute i Rogaland, i 1864, mens Nynæs fekk den første på Sandnes då dei starta i 1873.

Fotografiet viser Magnus Vågskjær som tek ut brende drengsøyra frå ein ringomn på Gravarens teglverk i 1935.

Då Ganns Potteri & Teglverk starta drifta i Kvelluren i 1953 var det ein milepel i teglverksproduksjonen og det av fleire grunnar: automatisk kapping av stein, kunstig tørking i tunneltørke og brenning i tunnelomn. Mykje av slitet, med stadig løfting og transport med hjulbårer var slutt. Omnen var 81 meter lang og kring 1 x 1 m innvendig. Mursteinen og drengsøyra blei frakta på vogner, først gjennom tørka og så gjennom omnen. I 1955 var produksjonen 20.000 stein pr. døgn.





### **Brenning av potterivarer**

Det føregjekk også i periodiske omnar, såkalla flaskeomnar. På Sandnes stod desse inne i større bygningar, slik at berre pipa viste utanfrå. I Egersund var dei første bygde på engelsk vis, med eit flaskeforma hus utanpå sjølve omnen, slik at ein fekk ein lett kjenneleg omnsbygning.

Fotografiet viser tre arbeidarar som stuer inn i omnen på Gravaren i 1935. Mannen inne i omnen er Kasper Oliverson. Potterivarene blei lagde i eldfaste kar: saggars, som kunne stabelast høgt.

\* Sandnesmuseet

### «KRUSTY-SKUTENE»

Sjøen var den gamle handelsvegen som knytte leirvareprodusentane i Rogaland saman med kundane – nordover og sørover langs norskekysten. Frå Sandnes blir det fortalt at Simon pottemaker var den første som segla på eiga skøyte til Hardanger og Bergen for å selgja varene sine. Det var i 1840-åra. Men då fulgte han den tradisjonen han kjende frå Hardanger og som går langt tilbake i tida.

Fotografiet på denne sida viser arbeidarane på Graverens teglverk som lastar murstein i 1935. Formannen på 4.verket står med hendene på ryggen og inspiserer det heile.

På neste side ser me steintøyskuta «Marja» frå Sandnes som ligg ved Bakke bru i Trondheim i 1934. Denne skuta seilte langs norskekysten i mange tiår og gjesta då omtrent kvar einaste handelsmann langs fjordane. Dei selde mest steintøy frå Sandnes, men også varer frå Egersund Fajanse og Porsgrunn porselen. Me kan ta året 1927 som døme. Sist i januar var skuta i Hauge-sund. Frå 10. februar og fem veker framover besøkte «Marja» 59 handelsmenn i Romsdal, før turen igjen gjekk sørover til Sandnes. Først i april var skuta igjen innom Haugesund. Etter-på gjekk turen til Lofoten: Svolvær, Kabelvåg, Henningsvær og vidare til Senja i Troms. Skuta vendte ikkje kursen sørover før sist i august. I november/desember gjekk turen til Hordaland, Møre og Romsdal i same strøket som tidleg på våren, men stort sett til andre handelsmenn denne gongen. 20.–22. desember var skuta innom Utsira og Røyvær på veg sørover. I romjula var dei i Haugesund, før det blei pause fram til 16. februar. Mon tro om dei feira jula i nordfylket? \* Sandnesmuseet.






## Arbeidet med utstillinga

Sandnesmuseet har samla gjenstander og anna materiale frå leirvareindustrien sidan 1970-talet. Pottemakar Stein Emanuel Simonsen har også arbeidd like lenge for å få istand eit potteri- og teglverksmuseum i Sandnes. I 1986 vedtok Sandnes kommune å stilla 1. etasje i Langgata 72 til disposisjon for potteri- og museumsutstilling. Det vidare arbeidet med utstillinga har skjedd gjennom samarbeid mellom Sandnes-

museet og kommunen. Stein Em. Simonsen har vore med som fagmann og Jærmuseet sin konservator blei engasjert frå 1988 som ansvarleg for den historiske presentasjonen og det museumsfaglege arbeidet. Gunnleif Løge, formann i Sandnesmuseet frå 1985 til 1990, har utført svært mykje av det praktiske arbeidet med utstillinga. Sandnesmuseet har ansvar for drifta av utstillinga.





# KATALOG

## OVER LEIRVAREBEDRIFTER I ROGALAND

### SANDNES

#### 1 SANDNES TEGLVERK

Adresse: Strandgt.

Produkt: Murstein, takstein.

Grunnlagt i 1783, sjå under emnet «Teglverket». Verket gjekk over til nye eigarar i 1807, med ein Stavangermann, Chr. M. Zetlitz, i spissen. I 1903 blei verket seldt til O. C. Østraadt og slått saman med Nynæs og Altona verket. Drifta ved Sandnes Teglverk, Gamlaverket, blei nedlagt i 1916. Bygningane blei sidan brukt til lager. Dei siste bygningane blei rivne kring 1950.

«Tjøl på Verkje», Tjøl Larsen Søiland, f. 1781, var styrar og leiar av verket i 60 år, frå 1809. Han var haugianar og verket blei samlingsplass for desse. Olaus Vignes var styrar frå 1869. Lars Schmith styrte i 1890-åra og fram til verket blei selt i 1903.

#### 2 SANDNES TEGLVERK – ZIMMERMANN'S POTTERI

Adresse: Strandgt.

Produkt: Potterivarer.

Første pottemakaren på Sandnes var Christopher Zimmermann (1735–1812). Han arbeidde i Bergen før han kom til Sandnes i 1794. Potteriet følgde ikkje med i salget av verket i 1807. Son til Christopher, Herman Christopher Zimmermann (1794–1841) overtok etter faren. Ole Olsen Idland, kalla Ole Pottemakar, var frå Gjesdal (1789–1837). Han kom truleg til Sandnes i 1811. Det er usikkert om han fekk opplæring hos Zimmermann eller var utdanna før han kom til Sandnes. Sonen hans, Ole Pottemakar II (1818–1857) dreiv som pottemakar heile livet, men var i tillegg konstituert som politimeister på strandstaden frå 1848.

#### 6 SANDNES POTTERI

Adresse: Strandgt. 123

Produkt: Brunt steintøy fram til ca. 1963.

Filtret leire frå ca. 1938.

Grunnlagt i 1842 av Simon Asbjørnsen (1807–1875), Simon Pottemakar. Har vore i slekta like fram til i dag, då femte generasjon, Erik Olaf Simonsen, driv firmaet under namnet Hana & Holmens Potterier. Dreiar Didrik Jensen, glaserar og brennar Jacob W. Lund, istandsettar Magnus Dybevik m.fl. arbeidde her.

#### 8, 12, 23, 31, 32, 33 GRAVERENS TEGLVERK

Adresse: Austrått

Produkt: Takstein, murstein, drensøyr, potterivarer og keramikk.

Firmaet kan føra tradisjonane tilbake til det teglverket Ole Anfinnsen starta i på Øvre Austrått kring 1852. Første branntakst er frå 21. oktober 1854. Ole Andfindsen overdrog firmaet til sønene sine og Anders Tvedt. Teglverket blei seld på auksjon i 1857. Stavangerkjøpmennene L. og S. Svendsen kjøpte 5/8 partar av verket, og var forretningsførare i dei neste femti åra. Simon Asbjørnsen kjøpte 3/8 og han overtok som driftstyrar fram til 1873. Då gjekk han ut av firmaet. I 1877 blei Graverens teglverk aksjesselskap. I 1901 kjøpte firmaet Ullendal teglverk. Firmaet hadde kring 200 tilsette i 1950 og kunne då produsera 9,5 mill. tegleiningar. I 1959 var produksjonen oppe i 12,5 mill. stk. med 120 tilsette i heilårsdrift.

I 1976 blei dei to firmaene Graverens teglverk og Ganns potteri og teglverk slått saman til A/S Gann-Graveren. Dette er i dag det einaste teglverket i Rogaland og eitt av to i heile landet.

#### 8 GRAVEREN 1. VERKET «Gamlaverket».

Bygd av Ola Anfindsen. I 1854 var det hus for leirmølle, tørkeblokker og tegllovn på verket. Produksjonen var takpanner og litt murstein. Desse blei brent i ein open firkanta omn som romma 9.000 stein, dvs. årsproduksjon på maks. 40– til 50.000 stein. Dei brann med torv og ved. I 1857 blei «Lånnå», eit to-etasjes våningshus oppført. Det blei sidan påbygd fleire gonger. Det inneheldt arbeidsrom, stall og lager i 1.etasje, styrar-bustad, kontor, butikk og seinare arbeidarbustader i 2.etasje.

I dei neste åra blei verket stadig utbygd: Nye og større omnar i 1858 og 1864, maskin for drensøyr få år seinare. Men fram til 1870-åra var all produksjon handverksmessig.

Den store endringa i drifta kom med ringommen i 1877, dampmaskin og maskinpresse året etter. Produksjonen var på 1,5 mill. stein pr. år kring 1890. Drifta ved dette verket heldt fram til ut i 1930-åra. I 1949 blei bloksene nedrivne. «Lånnå» blei rivne i 1954/55.

#### 23 GRAVEREN 2. VERKET.

Dette blei bygd ved sida av 1.verket i 1894 med ringomm til brenninga og dampmaskin til drift av leirmøller og presser. Kapasiteten var på 2,5 mill. stein pr. år. I 1896 fekk verket presse for flat takstein.

Drifta blei ikkje vesentleg endra før i 1950-åra. Då blei 2.verket ombygd til heilårsdrift med bl.a. kammertørke. I 1974 blei sumpanlegget ferdig. Tunnelomnen blei bygd samtidig.

## 12 ULLEDAL TEGLVERK / GRAVEREN 3. VERKET.

Grunnlagt av fire oppsittarar på Øvre Austrått i 1860. Verket skifta eigarar fleire gonger. I 1872 stod Jacob Jacobsen oppført som eigar i branntakten. Verket hadde då følgjande bygningar: Omnshus med kammers, tørke- og arbeidshus med leirmølle, løe med fjøs, stall, blokker og leirmølle, to blokkhus.

Kjøpt av Graverens teglverk i 1901. Det var då 10 arbeidarar ved verket. Etter den tid blei verket modernisert med bl.a. ringomn.

## 31 GRAVEREN 4. VERKET «Firaverket».

Bygd i 1914 som det første på Sandnes med kunstig tørking, dvs. med blokker over omnen. Dermed var det mulig med heilårsdrift ved verket. Det var elevator og traller for transport frå pressa til bloksene i 2. og 3. etasje.

Verket blei totalskadd ved brann i 1956 og drifta blei då stansa for godt. I dag er restane av ringommen bevart inne i Øglænds konfeksjonsfabrikk, Cubus.

## 32 GRAVEREN 5. VERKET.

Firmaet gjorde fleire forsøk på å få igang produksjon av glaserte takstein. Det blei kjøpt omn for brenning med gass i 1914, men først i 1933 kom produksjonen i gang. Etter ti år stansa det opp.

## 33 GRAVERENS KERAMIKK

Firmaet kjøpte ein del av Hana & Holmens potterier i 1926. Den tyske keramikaren Willy Albouts blei tilsett som første kunstnarlege leiar. Sidan overtok Ragnar Grimsrud fram til 1946 då han gjekk over til Figgjo Fajanse. I 1928 var det 20–30 mann i potteriet/keramikken og i 1937 heile 70 mann. Produksjonen gjekk godt, men det var vanskeleg med omsetninga. Jacob C. Lund, som hadde arbeidd ved Hana & Holmens sidan 1894, fortsette som dreiar og dekoratør ved Gravaren til 1938.

I 1961 brann potteriet/keramikken ned. To år seinare flytta produksjonen inn i nye lokaler, det som i dag er butikk og kontor for Gann-Gravaren. På det meste arbeiddet det 40 i keramikken og 20 i potteriet. Utover i 1970-åra blei produksjonen gradvis nedtrappa og i 1982 nedlagt for godt. Alt utstyr av interesse ble gitt til Potteri- og teglverksmuseet.

## A/S GANN – GRAVEREN / SANDNES TEGL

I. januar 1976 blei dei to verka Graverens Teglverk og Ganns Potteri & Teglverk slått saman til eitt. Produksjonen blei lagt til Gravaren. Ganns anlegg i Kvelluren blei avvikla.

I 1989 blei det produsert kring 10. mill. murstein av leire frå Nord-Kalberg i Time. Gann-Gravaren står for kring 25 % av norsk teglsteinsproduksjon. Firmaet har utvida verksemda på to andre hovudområder: handel med byggevarer og utbygging av egne eigedommar. Firmaet eig bl.a. byggjefirmaet Skårland a/s. Teglverket er frå 1990 skilt ut under namnet Sandnes Tegl.

## 9 ALTONA TEGLVERK / O.C. ØSTRAADT

Adresse: Standt.

Produkt: Murstein og takpanner.

Grunnlagt på eigen grunn av gardbrukar og hjulmakar Tørres Chr. Trones i 1854. Han selte verket i 1857 til eit interessentskap. Elias Larsen var rekneskapsfører, arbeidsformann og verkstyrrar frå 1857 til 1885. Det året blei verket seldt til O. C. Østraadt og Ole Johannes Idland. I 1896 overtok O. C. Østraadt verket åleine og dreiv det som ein filial til Nynæs teglverk. Kring 1916 blei drifta nedlagt og i 1920 kjøpte kommunen verket.

Altona er namnet på ein mindre by ved Hamburg. Det arbeiddet folk herifrå ved verket ein periode, og det skal vera opphavet til namnet.

## 15, 16 HANA OG HOLMENS POTTERIER

Adresse: Hanavn.

Produkt: Brunt steintøy.

## 15 HANA POTTERI

Grunnlagt av Cornelius Simonsen kring 1865. Han kjøpte grunn på Hana og bygde kombinert fabrikk og bustadhus. Drifta gjekk godt og blei utvida etterkvart. Varene blei selte frå egne fartøy som seilte langs kysten.

Frå 1885 til 1926 var potteriet ein del av Hana & Holmens potterier. Utbygginga fortsette i denne perioden. Det ser ut til at dei ulike delene av produksjonen blei delt mellom potterier. T.d. fortel ein branntakst for Hana potteri i 1910 om fjøs, sandhus og møllehus, men ikkje noko dreieverkstad eller potteriomn. Dei funksjonane fantes på Holmens potteri. I 1919 blei Hana potteri utvida med ny bygning.

Etter konkursen i 1925 blei potteriet selt til Graverens Teglverk og drive vidare som Graverens Keramik.

## 16 HOLMENS POTTERI

Grunnlagt av Stavangerborgare saman med folk frå Sandnes kring 1870–72. Drifta gjekk dårleg og dei selte det til Cornelius Simonsen og

sonen hans, Chr. Emanuel. Bygningane blei totalskadde i brann både i 1897 og i 1908. Holmens potteri blei drive som ein del av konsernet til i 1920-åra. Seinare blei bygningane brukte til m.a. hermetikkfabrikk og lokaler for Polaris fabrikker.

## HANA OG HOLMENS POTTERIER

Det største potterikonsernet som har vore på Sandnes. Emanuel Simonsen var eineigar og leiar av firmaet frå 1893 til 1926. Han kjøpte Gandal potteri (1906), Østrevaag potteri (1909). Om Nygaard potteri er det ulike opplysningar. Muligens blei også dette kjøpt av Em. Simonsen. Han oppretta også eit potteri i Strømstad i Sverige i 1905. Frå 1915 var han eineigar av Sandnes potteri.

I 1916 selde Em. Simonsen nokre av dei små potteria samstundes som han bygde ut Hana, Holmens og Sandnes potterier. Han hadde ein flåte på kring 20 fraktestarvøy som m.a. blei brukt i omsetninga av potterivarer langs kysten. Vinterstid blei fartøya brukt til sildefiske. I desember 1925 blei Hana og Holmens potterier meldt konkurs. Gravarens teglverk kjøpte ein del av verksemda, medan Em. Simonsen fortsatte drifta av Sandnes potteri.

## 17, 18, 42 GANNS POTTERI & TEGLVERK

Adresse: Langgata og Kvelluren.

Produkt: Murstein, takstein, drenerør, kalk, potterivarer og keramikk.

Ganns var frå starten i 1873 tenkt som potteri, men teglverket kom tidleg med i planane. Ganns blei grunnlagt og eigd av lokale krefter: G. Sandved, O. Nielsen og A. Kluge og M.A. Grude var med i det første styret. Mest alle dei første 42 aksjeeigarane var frå Sandnes og Høyland.

Det var nok leire i Trones-bakkane, men det var stadig større mengder jord, grus og stein som måtte fjernast. Dessutan låg verket midt i byen: all stein måtte trillast i hjulbåre over Langgt. frå bloksene til omnen. I 1939 blei det kjøpt nytt leirfelt i Kvelluren, Austrått og nytt teglverk blei bygd i 1953.

## 17 TEGLVERKET I GANNS

Petter Simon Øglænd, tidlegare skulelærer, var styrar av teglverket frå starten i 1873 til 1916. Det blei kjøpt presse og valse frå Tyskland, lokomobil, dvs. ein 10 HK dampmaskin på hjul, frå England og bygd ein hoffmannsk ringomn. Med dette utstyret kunne dei laga 1000–1200 stein i timen. Mursteinsproduksjonen kom i gang i 1875, omn for pannebrenning innkjøpt i 1885. I 1898 blei det bygd ny ringomn, denne gang etter dansk teikning.

*Dreiar Lund var ein av veterane ved Hana & Holmens potterier, og han fortsette også då Graveren overtok drifta. Bak han sit Realf Stangeland, som opplyser at fotografiet blei teke til Sandnes sitt byjubileum i 1935.*

*\* Sandnesmuseet.*

## 18 POTTERIET I GANNS

Engelskmannen Joseph Holmes var den første bestyrar av potteriet. Det var store problem med å få seldt varene, på grunn av hard konkurranse mellom potteria. I 1921 var det 26 tilsette i potteriet.

Det var keramikkproduksjonen som sette fart i utviklinga, då den starta i 1926. Arne Jørgensen, Magne Stueland og Asbjørn Jahr leia avdelinga, med Martin Lunde som dekoratør. Under krigen steig etterspørselen etter oppbevaringskjørl av alle slag. Det blei også stor etterspørsel etter serviser, fat o.l. Arbeidsstokken var då oppe i 45 mann berre i keramikk-avdelinga. Etter krigen gjekk etterspørselen ned. Kring 1953 blei avdelinga nedlagt.

## 42 GANNS TEGLVERK I KVELLUREN

Fabrikken stod ferdig i 1953 og var då det største teglverket i Norge på eitt golv: 105 x 33 m, og det første i landet med tunnelomn. Nå gjekk all produksjon og transport frå leir til ferdig stein utan å bli rørt av menneske-



hand. Frå 1968 produserte ein berre to vareslag: mangehols murstein og dreinsrøyr. Ved 100 års-jubileet i 1973 blei det produsert 7 mill. stein i året med 18 mann, medan 40 mann hadde produsert 1,7 mill. stein i året i Langgata.

1. jan. 1976 blei dei to firmaene Graverens teglverk og Ganns potteri og teglverk slått saman til a/s Gann-Graveren. Produksjonen i Kvelluren blei lagt ned.

## 19 NYGAARDS POTTERI

Adresse: På nordsida av Tronesvn.

Produkt: Potterivarer.

Starta i 1873 av eit interessentskap der Bendix Osmundsen og Osmund Jacobsen tilsaman hadde 4 av 8 partar. I 1881 skifta potteriet eigare og namnet endra til «Nygaard potteries efterfølgere». Det var to tidlegare dreiarar i Ganns, Andreas Didriksen og Bernhard Jeremiassen som overtok potteriet. Dei var misnøgde med lønna og begynte difor for seg sjølve.

Det er ikkje kjent kva tid potteriet vart nedlagt.

## 20 NYNÆS TEGLVERK / O.C. ØSTRAADT

Adresse: Strandgt. 53.

Produkt: Takstein og murstein

Grunnlagt i 1873 av eit interessentskap der Chr. O. Østraadt hadde flest partar. Frå 1896 var sonen hans, Ole Chr. Østraadt, eineeigar av verket. Då han i 1903 kjøpte Sandnes Teglverk var han eineeigar av tre teglverk. Han var dessutan skipsreiar, dreiv handel med kol, koks, cement m.m. Han var ordførar i Sandnes i fleire år. I 1921 blei firmaet omdanna til aksjeselskap. Frå 1930 kom Christian O. Idland, og seinare Ottar Chr. Idland inn i leiinga. Firmaet hadde 40 tilsette i 1940.

Verket blei anlagt med ringomn frå starten av. Produksjonen var i 1886 på 339.630 takstein og 147.500 murstein. I 1911 blei verket modernisert etter svensk mønster, med m.a. ny ringomn og presse. Produksjonen kom då opp i 2 mill. stein pr. år. Det same talet blir oppgjeve kring 1940.

Frå 1938 blei verket fornya, med ein gradvis overgang til produksjon av betongvarer frå 1950. I 1959 blei leirvareproduksjonen lagt ned og i 1961 blei dei siste bygningane frå denne produksjonen rivne.

## 24 ØSTREVAAGS POTTERI

Adresse: Austrått

Produkt: Steintøy.

Grunnlagt av Chr. O. Østraadt i 1894. Han dreiv då handel ved sida av. Etter alt å døma kjøpte Em. Simonsen potteriet i 1909. Potteriet låg like ved Graverens Teglverk i det bygget som seinare blei Rønnebergs Pre-serving.

## 27 LURA TEGLVERK

Adresse: Strandgt. 145

Produkt: Murstein

Grunnlagt i 1900 av forretningsfolk i Sandnes og Stavanger. Ein av desse, Emil Andersen var disponent og dreiv det til det vart nedlagt i 1916 eller 1917. Bygningane brann i 1960.

Verket blei bygd med kunstig tørking innandørs og siksakomn, ikkje ringomn. Det var mykje eksperimentering og store vanskar. Det var lite leire i leirbanen. I 1910 var det 35 tilsette og ein årsproduksjon på 1,5 mill. stein.

## 28 GANDALS POTTERI

Adresse: Havnegt. 8

Produkt: Brunt steintøy.

Grunnlagt av Samuel Andfindsen, eller far hans Salomon. Potteriet blei selt til Emanuel Simonsen i 1906. Usikkert kva årstal drifta ble nedlagt.

Krossens havremølle overtok bygningen tidleg i 1920-åra.

## 29 SANDNES KALKBRENNERI

Adresse: Strandgt. 131

Produkt: Murekalk (malmkalk) og gjødningskalk.

Grunnlagt av Lars Johnsen i 1906. Alf og Lars overtok drifta etter faren og Lars dreiv til 1977 då produksjonen blei nedlagt. Familiebedrift med nokre få tilsette i tillegg. Arbeidstokken var til vanleg 6–8 mann. Råmaterialene blei henta i kalksteinbrot i Møsterhamn.

Kalksteinen blei brend i kasseomn med høg skorstein. Ved kvar brenning blei det produsert kring 50 tonn kalk. Ein del av teglverka brann kalk sjølve, men etterkvart overtok dei spesielle kalkbrenneri meir og meir av produksjonen.

## 30 IVERSENS POTTERI

Adresse: Strandgt. 137

Produkt: Garnstein m.m.

Grunnlagt og drive av Johan Iversen og P.L. Høiland i 1916 og drive nokre år. Skal vera bygd etter same mønster som Sandnes potteri. Bygningane blei seinare brukt til hermetikkfabrikk og i dag eit metallstøperi.

## 34 LURA DOLOMITTVÆRK / LURA KALKVERK

Adresse: Lura

Produkt: Kalk.

Grunnlagt av Alf Johnsen i 1932. Han var son til eigaren av Sandnes Kalkbrenneri. Verket brann kalk til muring og til gjødsel. Det var 3–7 tilsette i 1940. Kalken fekk dei frå eige felt i Møsterhamn.

## 35 HANA LEIRVAREFABRIKK

Adresse: Hanavn.

Produkt: Brunt steintøy, keramiske fliser.

Adolf Rovik starta og dreiv fabrikkken frå 1935 til han blei nedlagt sist i 1970-åra. Rovik var ikkje sjølv potterimann. Kemi-ingenør Trygve Refheim var tilsett som fagleg leiar. Bedrifta hadde 21 tilsette på det meste. Leira fekk dei frå Tilla Nordland i Krampadalen (Høgevoll).

## 36 FIGGJO A/S

Adresse: Figgjo, Sandnes

Produkt: Keramikk, flint/fajanse, vitroporselen

Grunnlagt av Sigurd Figved og Harald Lima i 1941. Dei første åra blei det produsert keramikk av leire frå Åsland i Time og med ein arbeidstokk på 10–12 mann. I 1947 gjekk ein over til å laga fajanse og namnet blei endra til Figgjo Fajanse a/s. Bedrifta vaks sterkt dei neste ti åra og hadde opp mot 300 tilsette kring 1960. Seinare gjekk dei saman med Stavangerflint, under namnet Figgjo Fajanse – Stavangerflint a/s.

Frå 1967 begynte ein å laga porselen. Fajanseproduksjonen blei gradvis trappa ned. I dag er 95 % av produksjonen vitroporselen. Det er nå kring 230 tilsette som produserer kring 4,5 millionar enkle delar i året. Mykje går til hotell, restaurantar og institusjonar.

## 38 EMS KERAMIKKFABRIKK

Adresse: Strandgt. 145.

Produkt: Brunt steintøy og keramikk.

Grunnlagt og drive av Emanuel Simonsen frå 1943 til 1989. Han hadde si opplæring frå Hana & Holmens potterier og Åros keramikk i Røyken, Statens Håndverks- og Kunstindustriskole og Burslen School of Art. På det meste var det 18 mann i arbeid. Utover i 1970-åra blei drifta trappa ned.

Verkstadene hadde ein frihand- dreiebenk, to avd. med fem skantemaskinar, støyperiavdeling, leirmølle, to store kulemøller, klokkeomn, fritteomn, to kammeromnar, sprøyteavdeling for trykkluft, modellavdeling, gips-støyperi, silketrykkutstyr.

## 41 BRØDRENE HANSENS KERAMIKKFABRIKK

Adresse: Tronesbakken

Produkt: Brunt steintøy, keramikk.

Dei to brørne, Thorleif og Edvard Hansen, er utlærde pottemakerar frå Hana & Holmens potterier. Dei starta for seg sjølve i 1949 og arbeider nå saman med kona til Edvard, Velaug. Dei brukar både norsk og dansk leir og lagar brune leirvarer og finare ting som kaffiserviser o.a. Mykje blir selt gjennom eigen forretning.

*Johannes Dale frå Klepp var dekoratør på Graverens keramikk i mange år. Her maler han ein vase som står på kavaletten. Keramikken i hyllene er typisk for 1930-tallet.*

*\* Sandnesmuseet.*

## 43 LUNDS KERAMIKK

Adresse: Aspervika, Sandnes

Produkt: Brunt steintøy, keramikk.

Grunnleggaren, Ingvar Lund, er son til Jacob W. Lund, pottemakeren som kom til Sandnes frå Trondheim i 1894 for å arbeida i Hana & Holmens potterier.

Ingvar Lund begynte i Hana & Holmens potterier på Simonsbakken sist i 1930-åra. I 1954 starta han eit lite potteri for seg sjølv i eit tilbygg til heimehuset på Lura. I 1958 kjøpte han bygningen til Båstøls strikkepinnefabrikk i Aspervika og starta keramisk fabrikk. På det meste var det 15 tilsette der. I dag er Lund pensjonist, men driv fortsatt litt keramikkarbeid.

## 46 STEIN EM. SIMONSEN


Adresse: Strandgt. 88

Produkt: Kunsthandverk og potterivarer.

Han er son av Emanuel Simonsen (Ems keramikk). I 1968–1971 arbeidde han som modellør, seinare avdelingsleiar ved Egersund Fajansefabrikk, i 1971–1975 ved Figgjo a/s og var deretter driftsleiar ved Graverens keramikavdeling 1975–1978. Han har studert keramikk ved North Staffordshire Polytechnics i England. Frå 1979 har han drive eigen keramikkerverkstad i Sandnes. Han har hatt utstillingar både innan- og utanlands. Han har arbeidd spesielt med teoriar om forhistorisk keramikproduksjon.



# EGERSUND



*Egersund Fayancefabrik før 1867.*

## 7 FEYERS POTTERI / EGERSUND FAYANCEFABIK

Adresse: Egersund sentrum

Produkt: Brunt- og kvitt steintøy; fajanse/flint; korulen.

Johan Feyer grunnla Feyer potteri i Egersund i 1847, basert på leire frå Leidland på Eigerøy. Fagfolk henta han frå England. Potteriet hadde 55 tilsette i 1855 og var den største arbeidsplassen i Egersund. Dei neste åra gjekk det dårlegare med drifta og i 1860 stoppa det heilt. Leiren på Leidland var ikkje av god kvalitet og leirgropa var mest uttømt.

I 1863 blei aksjeselskapet Egersunds Fayancefabrik grunnlagt, med Johan Feyer som initiativtaker. Føremålet var å produsera fajanse av engelsk leire. Denne gongen blei fagfolka m.a. henta frå dei svenske Rørstrand fabrikkane.

I 1880-åra tok ein eit viktig steg frå handverksdrift til industri ved at fabrikkten tok i bruk dampmaskin til å driva dreiemaskinane, leirmøllene og til å levera stim til tørkeromma. I 1905 blei det innstallert elektrisk straum og motordrift på formemaskinane.

«Fajansen» produserte først og fremst for den norske marknaden. I 1920–30 åra produserte fabrikkten 55% av av alt nytt hushaldningssteintøy i Norge.

Egersunds Fayancefabrik var største arbeidsplassen i Egersund like til i 1970-åra. Arbeidstokken var på 425 i 1932. Saman med familiane utgjorde det 35% av folkemengda i byen.

I 1950-åra gjekk ein over til elektrisk brenning og i åra frametter blei drifta stadig rasjonalisert. I 1967 gjekk bedriften saman med Porsgrund Porselænsfabrik. Dei produserte steintøy og korulen. I 1975 blei Egersunds Fayancefabrikk selt til det svenske firmaet Rørstrand/Arabia. Dei neste åra blei det laga halvfabrikata i Egersund, men i 1979 blei drifta nedlagt for godt.

Dalane Folkemuseum overtok Egersund Fayancefabriks arkiv og samlingar og driv nå Fajansemuseet i Egersund.

### 13 EIE POTTERI / EIE STEINTØYFABRIKK

Adresse: Egersund.

Produkt: Brunt steintøy m.m.

Då Feyer potteri stansa drifta i 1860 gjekk ei gruppe av arbeidarane saman for å starta eit nytt potteri. Dei fekk med seg lokale kapitalkrefter.

Potteriet blei lagt like utanfor bygrensa og kom i drift i 1862. Vel tjue år seinare var det 24 tilsette ved potteriet. Namnet blei seinare endra til Eie steintøyfabrikk. Drifta blei nedlagt i 1976.

### 14 DAMMSGAARD POTTERI

Adresse: Egersund sentrum.

Produkt: Brunt og gult steintøy.

Potteriet blei grunnlagt i 1865. I 1885 var det 12 mann i arbeid i potteriet, men i 1890-åra blei drifta nedlagt.

### 39 EGERSTUND TERRAKOTTA OG KERAMIKK

Adresse: Egersund.

Produkt: Brunt steintøy, brukskeramikk.

Grunnlagt og drive av Petter Torgeirsen frå 1946, med kring 20 tilsette i 1950-åra. Dei laga brunt steintøy som krukker og andre potterivarer, etterkvart mykje blomsterpotter og urner. Utover i 1960-åra gjekk ein over til å laga brukskeramikk, slik som i dag. Arbeidsstokken blei redusert.


Torgeir Torgeirsen, son til grunnleggaren, driv bedrifta i dag. Han samarbeider bl.a. med Fajansemuseet i Egersund om å laga museums-souvenirar etter gamle modellar.

### 45 KAUPANES KERAMISKE INDUSTRI A/S

Adresse: Egersund

Produkt: Glasert takstein

Då Egersund Fajanse innskrenka drifta frå sist i 1960-åra, blei det satsa på å få igang ei ny keramisk bedrift i byen. Kaupanes keramiske industri a/s blei etablert for å produsera glasert takstein av lokalt råstoff. Drifta starta hausten 1971. Men det viste seg vanskeleg å få fullgod kvalitet på taksteinen, så bedriften blei nedlagt alt i 1974.



*Dokkehovud frå Egersund Fayancefabrik.  
\* Jærmuseet.*

## KARMØY

### 22 BØ TEGLVERK

Adresse: Torvastad, Karmøy

Produkt: Murstein, murekalk.

Handelsmann Conrad Brown frå Bergen gjorde opptaket til dette teglverket i 1875. Han fekk med seg andre folk frå Bergen. Frå 1930 til det blei nedlagt tidleg i 1970-åra var bergensfamilien Magnus eigarar. Arkitekt Heinrich, Trondheim teikna og stod for bygginga av verket. Han hadde tidlegare bygd eit teglverk i Hordaland og eit i Trondheim. Steinen blei brent i ringomn, fyrt med kol. Frå starten blei rense-, elte og pressemaskinane drivne av ein dampmotor, i seinare år med elektromotorar. Fram til 1948 var det sesongdrift ved verket, seinare heilårsdrift. Årsproduksjonen var på ca. 5 mill. stein sist i 1930-åra. Det var kring

80 tilsette på verket fram til 1914. Arbeidarane kom frå Avaldsnes og Torvastad. Det var også mange «nordingar», hordalendingar, som pendla til Karmøy i sesongen, utan å ha med familiane.

### 25 NYGÅRD TEGLVERK

Adresse: Avaldsnes, Karmøy.

Produkt: Murstein.

Bygd i 1898 og bestyrt av Halvor Øfstegaard fram til 1936. Då overtok sonen hans, Olaf. Både Nygård og Bø teglverk gikk konkurs kring 1920 og dei blei då overtekte av Bergens Privatbank, til Magnus-familien kjøpte dei. Nygård teglverk blei nedlagt i 1942, på grunn av leirmangel.

# STAVANGER



### 3 BOGENÆS TEGL OG MURSTEENS FABRIQVE

Adresse: Boganes i Stavanger.

Produkt: Takstein og murstein.

Drifta starta i 1813. Året etter blei verket selt til haugianarar, bl.a. John Haugvaldstad. Det var då teglomn, arbeidshus med leirmølle og våningshus på verket. Tørkehus blei ikkje nemnt.

Salgsummen skulle betalast med 80.000 stk. beste og velbrente teglstein, samt 16.000 doble murstein som skulle leverast over fleire år, seinast i 1821. Dei rekna med å brenna i omnen 5 gonger i året.

Søsterson til Haugvaldstad stod for drifta og i 1818 kjøpte han det saman med ein annan. Verket blei nedlagt kring 1829 fordi det ikkje fanst meir leire. Det blei sidan drive reperbane på staden.

### 11 MALDE TEGLVERK

Adresse: Madla i Stavanger.

Produkt: Murstein, takstein, drencrøyr og kalk.

Grunnlagt av L. C. Aas omkring 1858. Frå 1872 til 1881 var Alexander L. Kjielland eigar av verket. John Aasland var styrar frå 1865 og overtok

som eineeigar i 1889. Han arbeidde på Åsland teglverk før han kom til Madla. Etter han overtok sonen, John Aasland d.y. leinga, fram til verket blei nedlagt i 1916.

Malde var eit av dei større teglverka, med 33 arbeidarar i 1870. I 1864 fekk verket den første ringomnen i distriktet. I 1878 var årsproduksjonen 769.000 murstein og ca. 130.000 takstein. I 1912 fikk verket elektrisk strøm til drift av bl.a. leirmøllene og kunne auka produksjonen til 2 mill. murstein i året. Etterkvart blei det vanskelegare å få ut leire og løsemndda gjekk ned.

### 40 STAVANGER FLINT A/S

Adresse: Hillevåg, Stavanger.


Produkt: Fajanse/flint

Starta i 1946 etter initiativ frå Trygve Brekke og Trygve Pedersen. Det blei bygd eit stort produksjonslokale i betong med bl.a. to elektriske tunnellommar. I tillegg overtok ein fire trebrakker frå krigen til administrasjon, kantine og lagerlokaler. Bedrifta hadde kring 250 tilsette som produserte hushaldningsartiklar av alle slag, samt kaffe-, frokost-, og middagsserviser.

Bedrifta gjekk saman med Figgjo Fajanse a/s i 1968 og produksjonen i Hillevåg blei nedlagt.



# TIME



## 4 ÅSLAND TEGLVERK

Adresse: Lindland på Åsland i Time.

Produkt: Tak- og veggpanner, murstein.

Grunnlagt av Christoffer Chr. Wetteland på heimegarden ein gong mellom 1830–1836. Han var sjøl styrar på verket til han død i 1855. Då blei det drive som aksjeselskap fram til 1888. Aksjene var delte mellom dei ti barna hans.

Drifta: Eltemølla blei driven med vasskraft. Steinen blei brent med torv i ein kasseomn bygd av gråstein. Det var folk frå gardane Bråstein, Håland, Tjessheim, Fjermestad, Eikeland og Frøyland som arbeidde i verket, saman med nokre av dei sju husmennene på garden. Det var drift ved verket til kring 1892.

# HÅ

## 21 OPSTAD TEGLVERK

Adresse: Tvihaug i Hå.

Produkt: Tak- og veggpanner, murstein og drensrør.

Interessentskap danna i 1875 med Svend Pedersen Opstad som størst partshavar. Drift frå året etter til 1920. Verket låg ved leirtaket, medan sanden blei teken på Opstad, torv til brening frå Elgane, Ualand og Sveine. I 1885 var det sju hus på verket: Våningshus, løe, to blokshus, omnshus og to torvhus. Omnen var ein kasseomn, 9 m x 7 m og 3,5 m høg. Dei brann vanleg fem omnar til året, med tilsaman 100.000 tegleiningar. Det blei kjørt i hus kring 600 lass torv i 1906 og i 1917.

# SULDAL

## 10 SAND TEGLVERK

Adresse: Larvika, Sand i Suldal.

Produkt: Takstein og murstein.

Grunnlagt i 1856 av haugianarane Ole Sand Lagarhus og Ths. Tonning. Dei var eigare i dei femten åra verket var i drift.

Det var fem bygningar på verket med ei samla grunnflate på 1.100 m<sup>2</sup>. Omnen blei fyrt med kol. Det måtte byggast brygge ved elveosen og veg opp til Larvika. Det blei produsert mest av takpanner. Dei blei bl.a. eksportert til byar langs Østersjøen.

# GJESDAL

## 5 GJESDAL TEGLVERK

Adresse: Bekken på garden Gjesdal i Gjesdal.

Produkt: Takpanner og murstein.

Grunnlagt av Rasmus Sørensen Gjesdal i 1841. Nedlagt ca. 1912. Om drifta blei det sagt at leiren var god, men omnen var for høg og trekkopningane var for små. Produkta var derfor ikkje så gode. Omnen romma 14.000 takstein og 2.000 murstein. Av desse var berre 10.000 av brukande kvalitet.

Leirmølla blei driven med vasskraft. Tre mann arbeidde i tre månader i året. Då brann dei to gonger. Fortenesta for eigaren blei rekna til 16 Spesiedalar i året.

### Kjelder og litteratur:

F. Celoria: Ceramic machinery of the 19th. century in the Potteries and other parts of Britain, 1983 Keele England.

Leif Dybing: Arbeid og teknologi. A/S Egersunds Fayancefabriks Co. Hovedfagsoppgave i historie. Universitetet i Bergen, 1983.

Daniel Frafjord og Aksel Eggebø: Det begynte med leir. Stavanger, 1987.

Randi Gaustad: Gammelt norsk stentøy fra Egersund, Oslo 1985.

Lensmann M. A. Grude: Jæderen 1814–1914. Sandnes, 1914.

Lensmann M. A. Grude: Sandnæs historie 1860–1910. Sandnes, 1910.

Kari Hoel: Norske teglverker på 1800 og 1900-tallet. En historisk oversikt og en redegjørelse for bevarte industriminne. Riksantikvaren, Oslo 1983.

Hans T. Indrebø: Opstad Teglverk var i drift til 1920. Jærbladet. 6.1.1988.

Dag Johannessen: Fagbevegelsen på Sandnes 1900–1940. Hovedoppgave i historie Universitet i Bergen 1983.

Else Johansen Kleppe og Stein E. Simonsen: Bucket-shaped Pots - a West - Norwegian Ceramic Form. Stavanger 1983.

Jonasen, J. Schanche: Sandnes gjennom 100 år. Sandnes 1964.

Svein Ivar Langhelle: Soga om Sola og Madla. Stavanger 1983.

Edvin Malde: Malde teglverk. Artikkel i Soga om Sola og Madla, b.1. Stavanger 1983.

### Målfrid Grimstvedt.

Etnolog og konservator på Jærmuseet.

Adresse: P.b. 4, 4350 Nærbø

Bjørn Olsvoll (red): Leirindustrien. Arbeid og miljø. (Sandnes) 1982.

O. Pihl: Anvisning til paa en ny og forbedret Maade, at anlægge og drive Teglverk. København 1802.

Ernst Rosenthal: Pottery and Ceramics. A history. London 1954.

Sevald Simonsen: Ganns 100 år. 1873–1973. Sandnes.

Eilert Sundt: Om Husfliden i Norge. Oslo 1975. (Om Gjesdal teglverk)

Hanne Thomsen: Jærlandskapet forandrer seg. Hå 1988.

Fra Norges næringsveier i tekst og bilder: Sandnes. Stavanger 1921.

Arne Aasland: Mosen gror ennå ikke på pannene fra Åsland. Dagbladet Rogaland 24.12.1955.

Arne Aasland: Slompesalg og prutting... Dagbladet Rogaland 7.1.1956.

(Boganes teglverk) Diverse kontraktar frå Boganes på garden Jåtten, gnr. 21 i Stavanger. Statsarkivet i Stavanger.

Kassabok for «Marja» 1926–1928. Sandnesmuseet.

Diverse branntakstar frå teglverk og potteri i Sandnes i perioden 1856–1910. Statsarkivet i Stavanger.

Video frå 1983 der Emanuel Simonsen fortel og Stein Em. Simonsen demonstrerer dreining. Sandnesmuseet.

Muntlige opplysningar frå bl.a. Ottar Trones og Stein Em. Simonsen, Sandnes.